



ASKEDALEN BARNEHAGE AS

VEDTEKTER FOR ASKEDALEN BARNEHAGE AS.

§ 1 EIGAR.

Askedalen barnehage AS er ein privateigd barnehage for barn i alderen 0-6 år.

Askedalen Barnehage AS ligg på Leikanger i Sogndal kommune og vert eigd og drive av selskapet Askedalen Barnehage AS.

§2 FØREMÅL

Verksemda skal drivast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter samt barnehagens eigne vedtekter, fastsett budsjett og årsplan for barnehagens pedagogiske verksemrd.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få oppleve skaparglede, undring og utforskarkrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskap og dugleikar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrande og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering (jfr. barnehagelova § 1 Formål).

§3 FORELDRERÅD/EIGARSTYRE/SAMARBEIDSUTVAL.

Foreldrerådet.

Foreldrerådet opprettast etter lov om barnehagar §4 og forskriftene. pkt 1. Det består av foreldre til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet skal:

- fremme foreldra sine fellesinteresser
- bidra til eit god samarbeid mellom heim og barnehage
- legge fram saker som er viktig for foreldra sitt forhold til barnehagen.

Foreldrerådet vel eige foreldrestyre med to representantar frå kvar avdeling/gruppe.

Eigarstyret.

Aksjeselskapet Askedalen Barnehage AS vert drive av eit eigarstyre som er vald av aksjeeigarane på selskapets generalforsamling.

Styret består av leiar og 2 styremedlemmar som har det økonomiske ansvaret og er arbeidsgjevar.

Samarbeidsutval.

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval med to representantar for dei tilsette og to for foreldrerådet. Styrar har rett til å møte, tale og komme med framlegg. Eigar kan sjølv bestemme om dei vil vere med i samarbeidsutvalet. Kommunen har ein representant i Askedalen Barnehagen sitt samarbeidsutval.

§4 OPPTAKSMYNDE

Opptakskrins for barnehagen er Sogndal kommune.

Det skal være felles opptak for dei kommunale og dei private barnehagane.

Ei opptaksnemnd samansett av rådgjevar oppvekst, tenesteleiarane for kommunale barnehagar og styrarar i private barnehagar gjer vedtak om opptak ved hovudopptak. Det vert elles gjort løpende opptak gjennom året.

Formannskapet er klageorgan etter forvaltingslova.

Elektronisk søknad om plass skal sendast til Sogndal kommune via deira nettsider.

Adressa er: Sogndal kommune, Gravensteinsgata, 6856 SOWNDAL, eller e-post:

postmottak@sogndal.kommune.no

§5 OPPTAKSREGLAR

Askedalen barnehage har førerett til 2 barn i eigen barnehage. Dersom ikkje plassane vert nytta, vert dei tildelt på ordinært vis.

Barnehagen nyttar desse prioriteringsskodane, dersom det ikkje er plass til alle som har rett på plass/ ønskjer plass:

1. Barn med nedsett funksjonsevne (jf. §13 i barnehagelova) eller barn med vedtak etter lov om barneverntenester.
2. Barn i familiar med særlege sosiale/helse – eller miljøtilhøve som gjer at barnet kan ha nytte av opphold i barnehage.
3. Sysken skal så langt det er mogleg få plass i same barnehage og barn av familiar som tidlegare har hatt sysken her og som har særskilt nytte av tilbod i same barnehage.
4. Barn med einslege foreldre / forsytarar (faktiske tilhøve) som er i arbeid / under utdanning.
5. Barn som er inne på prosentplass i barnehagane, får tilbod om full plass før det vert tekne opp nye barn.
6. Barn som har 1 år att til skulestart.
7. Barn som bur særleg isolert til og/ eller har farlege bu- og leiketilhøve.
8. Resten av barna vert prioritert etter alder.

Ved alle opptak skal det setjast opp reserveliste etter same reglar som ved opptak.

Sjølv om prioritieringsreglane skal vere retningsgjevande, har opptaksnemnda rett til å leggje ei pedagogisk heilskapsvurdering til grunn for opptaket.

§ 6 OPPTAKSTIDER OG OPPSEIINGSFRIST.

Det vert gjort hovudopptak i februar / mars. Barnehageåret tek til 15.august. Barn som skal ta til i skulen disponerer plassen sin ut barnehageåret før skulestart eller til 1 august om barnet har full plass i SFO. Plassen er då ledig for opptak utan oppseiing. Ledige plassar til nytt barnehageår vert lyst ut samla. Alle andre har plassen sin til den vert skriftleg oppsagd. Oppseiingsfristen er 2 månader. For del av plass, 3 månader. Oppsagd plass skal lysast ut når ventelista er oppbrukt eller ugyldig. Ventelista gjeld i 4 månader frå dato for opptak. Oppseiing skal skrivast på fastsett skjema som ligg på heimesida til Sogndal kommune. Oppseiingsfristen kan avkortast når ein har barn på venteliste.

§ 7 OPNINGSTID.

Barnehagane er opne frå kl. 07.30 til kl. 16.30 kvar yrkedag heile året, bortsett frå helgeaftene og fastsette planleggingsdagar. Då er barnehagen stengd.

Eigarstyret kan vedta opningstider som er tilpassa foreldra sine behov.

Askedalen barnehagane er stengd 2 veker om sommaren, ei av dei vekene er veke 29.

§ 8 FORELDREBETALING.

Betalingssatsar og søskenmoderasjon vert fastsett av kommunen.

Foreldrebetalning skjer kvar månad, med betalingsfri i Juli.

Betalinga skal ordnast på forskot den 15. i kvar månad, første gong 15.august eller den nærmeste påfølgjande kvardag. Det vert tillagt renter ved for sein betaling.

Ved mislighald av foreldrebetalning kan barnehageplassen bli sagt opp. Det er eigarstyret for barnehagen som gjer vedtak om oppseiing.

§ 9 TILSETJING

Selskapet sitt eigarstyre tilset personalet i Askedalen Barnehage AS.

§ 10 VEDTEKTSENDRINGAR.

Endring av desse vedtekter vert gjort av generalforsamling med 2/3 fleirtal etter uttale frå samarbeidsutval og foreldreråd. Vedtekten skal sendast til kommunen for orientering.

§11 AREALNORM

Askedalen barnehage føl arealnormen. Jfr. Lov om barnehagar, "Rettleiande norm for barna sitt leikeareal".

§12 INTERNKONTROLL

Askedalen har eige internkontroll system gjennom Barn-nett, "Styrarassistenten".